

Eksamen

23.05.2019

HES2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Kandidaten viser fagleg kunnskap, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i tråd med kompetansemåla i yrket som eleven har valt.</p> <p>Kandidaten skal grunngje og reflektere over det som vert lagt fram. Kva, korleis og kvifor.</p> <p>Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet som kandidaten utfører på eksamensdagen.</p>

Du arbeider på Helse-service, Oppsal 4, 0307 Oslo.

Det er 11 tilsette, og du vel sjølv om du arbeider som:

- Apotekteknikar
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær
- Portør

Beskriv kor du arbeider.

Oppgåve 1

I dag får du ein praksiselev frå ein vidaregåande skule, Kari Stav. Du har fått ansvaret for opplæringa til Kari.

- a) Forklar korleis de utfører god hygiene og førebyggjer smitte på arbeidsplassen din. Utdjup og grunngje.
- b) Arbeidsplassen din legg vekt på å ha gode HMS-rutinar og fylgje lover og reglar som finst for smittevern og risikoavfall. Forklar og gje døme på kva dette inneber på arbeidsplassen din.

De har teke imot mange sjuke kundar/pasientar som har hatt influensasymptom, vore forkjøla og har hosta mykje. Kari blir sjuk. Ho ringjer og fortel at ho hostar og har feber og ikkje kjem i praksis. Ho seier at ho lett vert sjuk og trur at immunforsvaret hennar er nedsett. Ho har hatt kjærleikssorg det siste halvåret.

- c) Bruk smittekjeda og forklar korleis smitte har oppstått i denne situasjonen. Forklar og utdjup svaret.
- d) Ta utgangspunkt i situasjonen til Kari. Forklar korleis immunforsvaret fungerer og gje døme på fysiske og psykiske faktorar som kan påverke det.
- e) Kva bør Kari gjere? Kva for råd og kva slags rettleiing vil du gje henne ut frå symptoma og helsesituasjonen hennar?

Oppgave 2

Når Kari blir frisk, er ho med og følger deg i arbeidet ditt. Det kjem ein kunde/pasient som verkar litt «rar». Det kan verke som om kunden ikkje heilt klarar å snakke tydeleg, og før de rekk å gjere noko, fell kunden/pasienten om. Du skjønner fort at her må du yte fyrstehjelp. Du observerer at kunden ber eit ID-merke som viser at han har diabetes.

- a) Forklar kva du ville ha lagt vekt på i fyrstehjelp til kunden/pasienten.
- b) Kari synast at du er flink, men sjølv kan ho lite om diabetes. Du fortel og forklarar kva diabetes er og kva som skjer i kroppen. Utdjup og forklar.
- c) Kari spør kvifor diabetikarar ofte er meir utsette for komplikasjonar som hjarte-/karsjukdommar. Forklar dette.

Oppgave 3

Det er vår og mykje pollen i lufta. Olga Olsen kjem til Helseservice fordi ho er plaga med rennande auge og nase. Ho trur at ho har fått allergi. Ho treng informasjon og rettleiing. Både mora hennar og systera hennar har allergi.

- a) Kva skjer i kroppen ved allergi?
- b) Beskriv symptom og allmenntilstand og gje døme på aktuelle tiltak.
- c) Ta utgangspunkt i situasjonen over. Korleis kan individuelle og miljømessige faktorar påverke sjukdom?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i yrket eleven har valgt.</p> <p>Kandidaten skal begrunne og reflektere over det som legges frem. Hva, hvordan og hvorfor.</p> <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p>

Du arbeider på Helseservice, Oppsal 4, 0307 Oslo.

Det er 11 ansatte, og du velger selv om du arbeider som:

- Apotektekniker
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær
- Portør

Beskriv hvor du arbeider.

Oppgave 1

I dag får du en praksiselev fra en videregående skole, Kari Stav. Du har fått ansvaret for opplæringen til Kari.

- a) Forklar hvordan dere utfører god hygiene og forebygger smitte på arbeidsplassen din. Utdyp og begrunn.
- b) Arbeidsplassen din legger vekt på å ha gode HMS-rutiner og følge lover og regler som finnes for smittevern og risikoavfall. Forklar og gi eksempler på hva dette innebærer på din arbeidsplass.

Dere har tatt imot mange syke kunder/pasienter som har hatt influensasymptomer, vært forkjølet og hostet mye. Kari blir syk. Hun ringer og forteller at hun hoster og har feber og kommer ikke i praksis. Hun sier at hun lett blir syk og tror hennes immunforsvar er nedsatt. Hun har hatt kjærlighetssorg det siste halvåret.

- c) Bruk smittekjeden og forklar hvordan smitte har oppstått i denne situasjonen. Forklar og utdyp svaret.
- d) Ta utgangspunkt i situasjonen til Kari. Forklar hvordan immunforsvaret fungerer og gi eksempler på fysiske og psykiske faktorer som kan påvirke det.
- e) Hva bør Kari gjøre? Hvilke råd og hva slags veiledning vil du gi til henne ut fra hennes symptomer og helsesituasjon?

Oppgave 2

Når Kari blir frisk, er hun med og følger deg i ditt arbeid.

Det kommer en kunde/pasient som virker litt «rar». Det kan virke som om kunden ikke helt klarer å snakke tydelig, og før dere rekker å gjøre noe, faller kunden/pasienten om. Du skjønner fort at her må du yte førstehjelp. Du observerer at kunden bærer et ID- merke som viser at han har diabetes.

- a) Forklar hva du ville ha lagt vekt på i førstehjelp til kunden/pasienten.
- b) Kari synes du er flink, men selv kan hun lite om diabetes. Du forteller og forklarer hva diabetes er og hva som skjer i kroppen. Utdyp og forklar.
- c) Kari spør hvorfor diabetikere ofte er mer utsatt for komplikasjoner som hjerte-/karsykdommer. Forklar dette.

Oppgave 3

Det er vår og mye pollen i lufta. Olga Olsen kommer til Helseservice da hun plages med rennende øyne og nese. Hun tror hun har fått allergi. Hun trenger informasjon og veiledning. Både hennes mor og søster har allergi.

- a) Hva skjer i kroppen ved allergi?
- b) Beskriv symptomer og allmenntilstand og gi eksempler på aktuelle tiltak.
- c) Ta utgangspunkt i situasjonen over. Hvordan kan individuelle og miljømessige faktorer påvirke sykdom?



www.vigoiks.no/eksamen